

# Øy Nytt

# Kyrkjeblad for Øygarden



I dette  
nummeret  
kan du m.a. lesa:



Frå gjenopninga av  
Blomvåg kyrkje  
29. august



Krusifiks til besvær?

Konfirmasjonsjubileum

"Stå sterkt i stormen" Åpne dører-kurs

Gjenopning av Blomvåg kyrkje

Side 2

Side 4

Side 5

Side 12



## Krusifiks til besvær?

**Kyrkja og den einskilde kristne vert i vår tid utfordra på lojaliteten mot Kristus, Hans Ord, og kallet til å vera Hans læresvein. Men óg den kristne kulturen i Europa har kome i sokelyset. Utfordringa kjem både frå sekularistisk hald og andre religionar.**

Ei sak frå Italia kan vera eit døme på dette.

Sidan 2002/2003 har fjerning av krusifikset (=ei framstilling av den lidande og sigrande Kristus på krossen) frå skular og barnehagar vorte ein kampsak som førebels har ført til at landet i 2009 vart dømt i Den europeiske menneskerettighetsdomstolen for -*brot på menneskerettane*.

Strasbourg-domen fekk i 2010 følge av eit utspel frå 37 europeiske jusprofessorar. Endring av flagg med krossmerke måtte no vurderast. Dette fekk stor merksemd, ikkje minst i Noreg.

Auka trus-og verdimangfald i Europa av i dag er ei stor utfordring, det skal seiast, men er det rett veg å gå-som eg vil kalle det- ”å kaste ut barnet med badevatnet”?

Eg trur det vert for enkelt og er for lite gjennomtenkt når juristar og politikarar i dag kjem opp med ”nøytralitet” som svar på ”multikulti”-problematikken. Dette vert óg lett å ”sparke inn opne dører”.

### Eit betre svar

Eg trur eg har eit betre svar.

Vi er det landet der Heilag Olav sitt fall på Stiklestad vart ”overskrifta”, men kor Mostratinget med kristenretten 6 år tidlegare vart ”teksten”. Vi er ”Kvite-Krist” sitt land, Han som misjonærane frå Skottland, England, Irland og Kontinentet alt hadde vitna om og preikt til folket vårt -kanskje i fleire hundre år før 1030.

Det er god grunn til å tru at fleirtalet i vårt folk ønskjer at slik skal det halda fram -i respekt for andre synspunkt.

Som mange veit har eg som prest vald å ikkje engasjere meg politisk, av omsyn til Den Heilage Tenesta Kristus og Kyrkja har gjeve meg. Politikken

sitt vesen er jo at det kan vera fleire meininger om svar på ymse spørsmål, og presten skal vera prest både for både raudt, grønt, blått -og sentrum.

Likevel har eg aldri lagt skjul på at eg har ei liberal politisk grunnhaldning. Eg har både ”lærarvenstre” og kampen for sosial rettferd i ”bagasjen”.

Frå barndomsheimen, skulen og anna påvirkning har eg óg ei open haldning til dei eg møter, som eg heile tida trur har vore bore av respekt og toleranse. Slik trur eg faktisk óg det er med dei fleste eg kjenner, i det heile vi som framleis har ein ”vestlandsknorsk” kulturell bakgrunn.

Men dette tyder ikkje at vi ikkje skal seia kva vi meiner er rett, og la vera ”å heisa flagget”. For eigen del vil eg óg understreke at eg har full rett til å meina og seia det eg vil, både som nordmann og som prest i Den norske kyrkja. Når det gjeld det siste er eg dessutan forplikta på Guds Ord og Kyrkja si Vedkjenning.

### Sagt enkelt

*Lat oss ikke kasta ut den kristne arven i landet vårt for istaden å ta i bruk ein uklar ”nøytralitet”.* (Vi som vaks opp som ”68-arar” veit jo óg at ikkje noko kan vera nøytralt.)

Men som kristne skal vi sjølv sagt møta dei som meiner og trur noko anna enn oss med ei open haldning, vensemnd og kjærleik.

Lat oss óg be for politikarane, at dei kan finna gode løysingar der alle menneske sitt verd vert teke vare på.

Apostelen Paulus får avslutta i dag:

**”Ver visleg når de er saman med dei som står utanfor, og kjøp den laglege tid. Lat alltid orda dykkar vera venlege, men lat dei ha salt og kraft, så de veit å gje kvar og ein det rette svaret.”(Kol.4,5-6)**

**Frist for stoff til  
nr 5/10: 13. oktober  
nr 6/10: 24. november**



## Den norske kyrkja i Øygarden

### ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar:	Hjelme og Blomvåg kyrkjelydar
Redaktør:	Odd N. Thormodsæter
Kontingen:	Min. kr 100,- innan kommunen Min. kr 150,- utanom kommunen
Takkeannonser:	kr 100,-
Kontonr.	3628.07.02557
Trykk:	Grafisk Trykk, 5353 Straume
Distribusjon i Øyg.	Hurtiglevering, tlf 9866 5329

### Kyrkjekontoret:

Besøksadresse:	Rong senter, 2. etasje
Postadresse:	Boks 144, 5331 Rong
Telefon:	5638 2240
Faks:	5638 2241
Vakttelefon prest:	5638 2244
E-post:	<a href="mailto:kontor@kyrkja.net">kontor@kyrkja.net</a>
Heimesider:	<a href="http://www.kyrkja.net">www.kyrkja.net</a>
Ekspedisjonstid:	måndag – fredag: 0900 – 1500

### Tilsette:

Kontorleiar:	Kari Sandøy Rong
E-post:	<a href="mailto:kontor@kyrkja.net">kontor@kyrkja.net</a>

### Kyrkjelydspedagog:

E-post:	Trine Overå Hansen
Telefon:	<a href="mailto:kyrkjelydspedagog@kyrkja.net">kyrkjelydspedagog@kyrkja.net</a> 5638 2247

### Kantor:

E-post:	Anne Lise Grøm
Tlf.	<a href="mailto:kantor@kyrkja.net">kantor@kyrkja.net</a> 5638 2245/9188 1208

### Sokneprest:

E-post:	Svenn Martinsen
Tlf.	<a href="mailto:sokneprest@kyrkja.net">sokneprest@kyrkja.net</a> 5638 2244/9506 7890

### Diakonimedarbeidar:

E-post:	Bjørg Blom
Tlf.	<a href="mailto:diakon@kyrkja.net">diakon@kyrkja.net</a> 4781 6181

### Kyrkjeverje:

E-post:	Odd N. Thormodsæter
Tlf.	<a href="mailto:kyrkjeverje@kyrkja.net">kyrkjeverje@kyrkja.net</a> 5638 2243/990 16 616

### Kyrkjetenar/kyrkjegarb. Blomvåg:

Kåre Kristoffersen,	911 05 197
Klokkar i Blomvåg:	Ole Vik

### Kyrkjetenar/kyrkjegarb. Hjelme:

Kjellaug og Raymond Vik	900 30 753/900 75 652
-------------------------	-----------------------

### Blomvåg kyrkje:

Hjelme kyrkje:	5638 8030
----------------	-----------

### Råda:

Hjelme og Blomvåg sokneråd:	Leiar: Olaug Merete Rong
-----------------------------	--------------------------

### Øygarden kyrjelege fellesråd:

Leiar:	Atle Dåvøy
--------	------------

### Beredskapsordning for Vesthordland prosti

#### Tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret.

Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før 5638 2244.

# MIN SALME

av Kjell Døskeland

Guds menighet er jordens største under!

Mens verdens skikkelse i hast forgår,  
er Kristus i all evighet den samme,  
og fast hans rike på sin klippe står.

Mens verdens riker stiger og de synker,  
Går kirken mot fullkommenhetens vår.

Så kommer dagen da alt hat skal smelte  
som sne og is for sol og sommervær.

Da faller Satans makt, da skal hans veld  
gi tapt for dem som strider i Guds hær.  
Med jubel skal de høste hva de sådde  
og salige for se ham som han er.

Å hellig håp! Å sanne, sikre løfte  
fra ham som aldri skifter sinn og art!  
Er natten lang, er kampen full av kvaler,  
som morgenstjernen lyser løftet klart.  
Det er Guds eget ord: Du skal ha trengsel,  
men kjemp frimodig - se, jeg kommer snart!

Eit minne frå tidlege barneår kjem for meg i samband med salmen eg har valt. Om vinterkveldane var eg med bestemor i fjøset, og medan ho arbeidde, song ho salmar. Etter kvart vart dei kjende og kjære for meg og. I fjøset var det fred, trygt og godt, men ute var det krig. Ikkje sjeldan braut flydur, lysgranatar og alarm kveldsstilla.

På denne tid, i 1942, vart salmen eg har valt skriven. Forfattaren, Ronald Fangen, vart sjølv fengsla for sin frimodige kamp i skrift og tale.

Salmen, "Guds menighet er jordens største under" har som tema kamp og seier. At det finst ei "Guds menighet" midt i all motstand, vert framstilt som det største underet. Den går mot seier, - "fullkommenhetens vår" – fordi Kristus er den same og – "fast hans rike på sin klippe står."


Oppfordringa til einkvar som strider i Guds hær, er å halda fast ved håpet og løftet, og å kjempa frimodig.

Salmen er tonesett av Anfinn Øien, og den flotte melodien understrekar innhaldet på ein god måte.

Eg utfordrar Ole Vik til neste nr. av ØyNytt



## Gamalt biletet frå Øygarden



MK "Kilstraume" håvar sild i Hjelparen "Sjømann" av Misje 1960. Med ryggen til: Oskar Hellesøy som var notbas.

Landligge for uvær i Ålesund 1957 i lugaren på "Kilstraum". Tida kortar ein med garnbinding. Frå venstre: Martin Hjelme, Oskar Hellesøy og Magnus Hellesund.

Foto: Trygve Hellesøy



# Konfirmantjubileum



## 50års-konfirmantar

(ikkje i kronologisk rekjkjefølje. Pikenamna er tatt med)

### Hjelme sokn

Odd Martin Hellesund, Jørgen Hellesund, Magnar Kjell Sæle, Martin Paul Sæle, Jostein Arne Skjold, Laila Hellesøy Ueland, Herborg Svellingen Alvheim, Inger Margrethe Sæle Havsås, Solfrid Tobiassen Sæle Hesthammer, Jorun Liv Hatten Sjo.



### Blomvåg sokn

Jarle Knut Birkeland, Henning Norvald Misje, Jostein Norvald Misje, Arne Vik, Svein Petter Toftevåg, Marius Kristoffer Sæle, Magnus Torsvik, Arvid Harald Torsvik, Magne Torsvik, Magnar Sverre Torsvik, Asbjørn Jarl Rong, Ragnar Rong, Karstein Andreas Solbakk, Lars Fjeldstad, John Kåre Heggøy, Willy Arne Krossnes, Kåre Reidar Alvheim, Anbjørg Misje Landro, Målfrid Vik Solsvik, Tove Britt Toft Skråmestø, Marta Andersen Torsvik Langeland, Annlaug Torsvik, Marit Lise Torsvik, Nora Torsvik, Målfrid Norunn Rong Voll, Hildur Pauline Blom Arefjord, Ragnhild Knarvik, Mary Dale, Berit Rannveig Heggholmen, Karin Olaug Fjeldstad, Laila Løhaug Dreyer, Gerd Inger Dåvøy Hovlandsdal, Aslaug Olaug Alvheim Nordvik

## Ny Barne- og ungdomsarbeidar!

No i haust byrjar Hogne Berland som barne- og ungdomsarbeidar i Øygarden. Han er 26 år og kjem frå Myksvoll i Nordhordland, og skal delta i det kristne barne-og ungdomsarbeidet i Øygarden. Då det ikkje lukkast NLM å skaffe eit team dette året, var vi så heldige at denne vaksne ungdommen, som har lærarutdanning frå Lærarhøgskulen på Landås, sa ja til å arbeida her hjå oss dette året.



Heime på Myksvoll er han med og driv ein ungdomsklubb i regi av NLM og Nordhordland Indremisjon. Elles har han vore mykje med i leirarbeidet på Raknestunet på Osterøy, og dei siste 3 åra har han vore sommararbeidar der. Han sit også i barne- og ungdomsrådet i Region Vest i NLM og har såleis mykje god erfaring som gjer at han er godt rusta til jobben i Øygarden.

Han gler seg veldig til å kome i gang med arbeidet i Øygarden, så ta vel imot han!

Tekst og bilet: Trine Overå Hansen

### Vest Modul AS 5336 Tjeldstø



- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og utleige av brakker

Normann 958 19 905  
Ingvard 958 10 967

Trelastlager Tjeldstø

## Her er barn og unge velkomne!

### Barneaktivitetar i Blomvåg sokn:

#### Vik:

*Vik sondagsskule/-ring*  
Vik bedehus annkv sør kl  
11.00-12.00,  
3 år+ NSF, Ingrid Torsvik 93  
90

### Barnekoret Lyskastaren

Vik bedehus annakvar mån kl  
17.00-17.45  
4år+, NLM, Lars Arne Vik  
86 45

### Jubelkoret

Vik bedehus annankvar torsd.  
kl.16.45-18.00  
4-8. kl. Olaug Rong 92 78

### Vik barnelag

Vik bedehus annakvar ons kl  
17.00-18.15,  
5 år+, NLM, Marianne Dåvøy  
56 38 87 95

### Gutten

Vik bedehus annakvar ons kl  
17.00-18.30,  
5 år+, Normisjon, Ragnhild  
Martinussen 7604

### Yngres

Vik bedehus annakvar fred kl  
19.00-21.00,  
5 kl+, Erling Vik 89 63

### Rong:

Rong bedehus annakvar sør  
kl 16.30-18.00,  
For heile familien. Sønd.skule  
og SR fra kl. 17.00  
Kari Sandøy Rong 76 31

### Blomvåg:

*Blomvåg sondagsskule /-ring*  
Blom bedehus annakvar sør  
kl 11.00-12.00, NSF,  
2 år+: Olaug K. Rong 92 78,  
Linda Blom 73 97

### Barnelaget Blink

Blom bedehus annakvar tirs  
kl 17.00-19.00  
4 år+, NLM, Bjørg 47816181,

### Oen sondagsskule

Oen bedehus annakvar

onsdag kl. 17.30-19.00  
3 år + Else Rossnes 7198

*Onsdagssklubben*  
Oen bedehus annakvar  
onsdag kl. 17.30 –19.00  
Linn K Andersen 8009

### Barneaktivitetar i Hjelme sokn:

*Tjeldstø sondagsskule/-ring*  
Tjeldstø bedehus annakvar  
sør 11.00-12.00,  
3 år+, NSF, Sølvi Dåvøy  
94 39

*Sæle og Hellesøy  
sondagsskule/-ring*  
Hellesøy bedehus, sjå  
oppdrag,3 år+, NSF,  
Ingrid Sandøy 82 24

*Barnekantoriet*, Hjelme  
kyrkje tysd. 13.15 og Alvheim  
skule, fre.13.15.  
Anne Lise Grøm 82 22

**Ungdomsarbeid i  
Øygardskyrkjedane:**  
Bibelgruppe 9 kl+,  
Kyrkjelydsp 2247

*Nautnes kristelege  
ungdomsklubb*  
Nautnes bedehus siste fredag  
i mnd, 19.00-21.00: 5-7 kl,  
21.00-23.00: 8 kl+, ImF,  
Annlaug Børve 94 81

*Øygarden KRIK*  
Toftøy skule kvar fredag kl  
19.00-21.00:  
8-10 kl, Thea Ophaug 47 86  
10 31

*Øygarden gospel*  
Blomvåg kyrkje kvar måndag  
19.00-21.00,  
8 kl+, Kyrkjelydsp 2247

*Øygarden kr.skulelag ØUS,*  
andakt ons. kl 11.05,  
8 kl+, NKSS, Kyrkjelydsp  
2247

*Ichtys Ung.treff*  
på Vik bedehus annakvar  
laurdag, kl.20.00 8.kl.+.

# Samlivskurs – eit kurs for eit enda betre samliv.



## Arrangør

Med støtte frå BUF-direktoratet arrangerer Vesthordland prosti samlivskurs over tre kvelder i høst. Kurs er nyttig for alle par samme hvor lenge de har vært sammen og om de er gift eller ikke. Dette kurset er ikke for de som har store problem, men et kurs som skal hjelpe par til å utvikla og ta vare på det gode samlivet.

## Hva er et PREP kommunikasjonskurs?

PREP kan hjelpe par til å ha større glede av forholdet sitt og gir par et verktøy til å forbedre kommunikasjonen. PREP setter søkelyset på det som kan styrke forholdet.

På et PREP- kurs er det både humor og alvor. Det vil handle om kjærighet, forventninger, glede, moro og vennskap, men aller mest om god kommunikasjon.

Det er parsamtaler om de ulike temaene, ikke gruppesamtale. Ingen trenger å utlevere seg overfor de andre kursdeltakerne

Målet er at par skal lære å kjenne igjen hva slags konflikter som kan skade forholdet, og få noen verktøy til å forbedre kommunikasjonen og til å løse problemer.

### **PREP-kurs for Askøy, Fjell, Sund og Øygarden.**

**18. og 25. oktober, 1. november. KL. 18 – 22.**

**Undervisningslokale: Foldnes kyrkje på Sotra.**

**Lærere: Wenche Langeland og Stig Nesse.**

**Pris pr. par: Kr. 850. Inkluderer kurshefte og servering.**

**Påmelding/opplysninger: Jannicke Monstad Hana, tlf. 416 49 188, Torbjørn Fjøren, tlf. 922 95 377, eller e-post: jannicke.hana@kirken-askoy.no**

**Påmeldingsfrist fredag 1. oktober.**



## **HJELP GJENNOM SORGA**

Til sorgjande i Fjell, Sund og Øygarden kyrkjelydar

### Sorggrupper:

Dei som kan forstå den som sørger best er den som har opplevd noko liknande sjølv. Vi ønskjer difor å gje tilbod om å ta del i sorggruppe. Der treffer ein andre menneske som har opplevd sorg. Gjennom samtalen i gruppa hjelper dei kvarandre til å leva med sorga og saknet.

Mange har opplevd at ei slik gruppe er til stor hjelp i tida etter eit dødsfall. Diakonane i Fjell og Sund kyrkjelydar vert med som gruppleiarar.

Dersom du ønskjer å høyra meir om dei tilboda vi har, kan du ta kontakt med  
soknediakon Torbjørn J. Fjøren i Fjell 55097447/ 92295377,  
diakon Anette Rakli Børnes i Sund 56319080/ 48272672  
Øygarden kyrjekontor 56382240

Kjøp  
kjapt,  
trygt  
og billig



Søre Sæle

**Tlf. 56 38 71 20**

Mand – fred kl.08.00 - 22:00

Lørdagar 08:00 – 20:00

**Det er vi  
som bygger Øygarden**



**Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09**

**Adr. Pålsneset, 5337 Rong**

[www.th-bygg.no](http://www.th-bygg.no)

## Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personar.  
Arrangerer bryllaup,  
konfirmasjonar og andre  
tilstellingar.

Kan levera mat til alle  
anledningar.  
Middag, koldt bord og snittar.

**Tlf. 56 38 93 80**



**Åsane Begravelsesbyrå AS**  
v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

## Indrøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer  
Rullestol

**Mobil: 90 59 90 59**

## Rossnes Taxi

*Magne Ingvald Rossnes*

**Tinging av turar på**

**tlf.: 56 38 91 91 / 951 12 634**

## Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**

E-post: post@solstrands.no

*Vår erfaring - din trygghet*

## Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.  
Be om katalog og pris.  
Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid  
5336 TJELDSTØ  
Tlf. 5638 9534 / 4004 1045



Tlf.: 56 38 24 40 - Fax: 56 38 24 41

Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYÅ

- En del av Koba Christensen gruppen

**Ditt begravelsesbyrå på Sotra.**

**Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.**

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

**TLF 56 32 08 90 hele døgnet**

Skjenet 4, 5353 Straume ( samme hus som Ligningskontoret )



# ELDRETREFFET SIN TUR TIL STORD 15.juni

"Dette var kjekt- mykje interessant å sjå, - og så billeg då !"

Kommentarane frå Øygardsturistane var positive og varma hjarta til dei som hadde planlagt – og leia turen til "solskinsøya Stord".

Sommardagen kunne ikkje blitt finare for dei 46 som fylte bussen. Else Austbø gav oss tankevekkande ord for dagen om ulike former for lengsel og håp som ligg i oss alle. Kjell Døskeland hadde skaffa alle tiders sjåfør med erfaring frå SI-reiser. Og som innfødd Stordabu, var Svein Bjarne Aase vår lokale guide på turen.

Kaffiserveringa på ferja tok han på strak arm, og idet me svinga vestover til Fitjar og vidare sørover øya fekk me heile tida informasjon om alt me såg. Vakre bygder er det på Stord, og næringsverksemd og kulturliv blomstrar.

På "Stord Konferansesenter" fekk me ei imponerande filmframsyning kalla "Sunnhordland / Haugalandet" Det var som å sitja i eit helikopter og fly innover dei vakre bygdene og kjende industristadene i området, - frå Karmøy i sør til Stord i nord,- frå havet og innover i Hardangerfjorden.

Eit vakkert land har me, og Leirvik er ein av desse stadene der me verkeleg må nyta naturen. Kyrkja ligg fint til ved sjøen, og det vart ei fin stund der bussjåfören gav oss ei innføring i kyrkja si historie og utsmykking. Eit personleg vitnemål frå sitt eige liv delte han også utifra Salme 73. Tur utan mat går ikkje, og på Stord Hotell venta koldtbord med varme og kalde rettar, dessert og kaffi! Kan ein ha det betre ?

Kveldssola skein fint over Øygarden då me i halv åtte tida tok farvel med kvarandre. Sikkert mange som tenkte at dette må me vera med på neste år også.



Ref. Else Blom



## Eldretreff hausten 2010

**Hjelme:**  
(Kyrkjelydssalen kl 1645)

15. september  
20. oktober  
17. november  
08. desember

**Blomvåg:**  
(Tednebakkane kl 1630)

23. september  
21. oktober  
18. november  
09. desember

Eldretreffa er for alle i alderen 65+ og er kyrkja sitt diakonale arbeid for denne aldersgruppa. Du er velkommen til eldretreff både i Hjelme og Blomvåg!

## *Vi forsøker å få til: Alpha-kurs i Øygarden haust 2010-vinter 2011.*

**Eit tilbod frå Soknepresten i Øygarden mfl.til - glade, spreke, opplagde, slitne, frustrerte og spanande menneske. Menneske som er truande, tvilande, undrande og spørjande og som:**

- leitar etter svar på mange av dei vanskelege spørsmåla i livet
- vil vite meir om Bibelen sin bodskap
- likar å lytte eller delta i samtalar
- likar eller har trong for å ha ein fellesskap å gå til
- likar eit sosialt samvær i fellesskap og i grupper, knytt til felles måltid og felles undervisning

*Vi samlast på møterommet, Rong Senter 2.etasje til orienteringsmøte onsdag 06.oktober kl.1900.*

*Første kurssamlinga vert same staden onsdag 27. oktober 2010 kl 19.00.*

*Kurskveldane tek alltid til kl. 19.00 og startar med ei lita matøkt, deretter bibelundervisning og til sist samtaler i grupper.*

*Kurskvelden vert avslutta kl. 21.30.*

*I tillegg til dette samlast vi óg ein fredag og laurdag !*

**For at kurset skal setjast i gong treng vi minst 20 påmeldte.**

**Påmelding til Kyrkjekontoret innan  
1. oktober 2010**

Tlf 5638 2240 eller e-post: kontor@kyrkja.net



# Stå sterke i stormen!

*Disippekurs med et spennende perspektiv*

## Hva gjør vi når troen vår møter motstand?

- \* Undervisning, inspirasjon og utrustning
- \* Bibelske forbilder og prinsipper
- \* Lærdommer fra den forfulgte kirke

Programmet består av utfordrende bibelundervisning, filmer, livshistorier og vitnesbyrd, bønn, gruppesamtaler og enkel servering. Seminaret er utviklet av Åpne Dører i samarbeid med forfulgte kristne i mange land. Velkommen!

### Fredag 17. sept

Kl 19.00 - 21.30

Rong Bedehus

### Lørdag 18. sept

Kl 10.00 - 16.00

Vik Bedehus

### Søndag 19. sept

Kl 11.00

Storsamling i Vik Bedehus

- Pris: Kr 200 for hele kurset.
- Åpent for alle. Ingen påmelding. Salg av bøker, filmer og ressurser.
- Mer info? Ring Merethe Kjelby, ÅDs områdeleder: 467 98 233.

Kursholdere: **Ole Lilleheim** og **Øivind Benestad** fra Åpne Dører.



## Risdryss over brudepar



Det har vore tradisjon å kasta ris over brudepar når dei kjem ut på trappa etter vigsel. Det er no kome oppmoding om å slutta med denne skikken. Det viser seg at fuglane som et risen ikkje toler denne ekstra føda, og mange dør.



**Vil du vere frivillig på Kirkens SOS kriseteneste?**

**Innføringskurs for nye medarbeidarar på telefon eller SOS-chat tar til i slutten av september!**

Vi treng menneske som vil prate med medmenneske som har det vanskeleg.

Oppgåva di er å lytte og tenke høgt saman med den som tar kontakt. Du skal ikkje gje råd eller løyse den andre sine problem. Du får innføringskurs, rettleiing og vidare fagleg oppfølging så lenge du er med i tenesta. Vanleg vaktturnus er ca. kvar 12. dag, tilpassa din kvardag. Kirkens SOS er ein døgnopen krisetelefon, tilgjengeleg via telefon og internett.

Du må vere mellom 20 og 80 år, og du må ha avstand til eigne kriser.

Kursstart 27. september 2010.

Kontakt oss på 55 32 58 45 / 941 83 654, bjorgvin@kirkens-sos.no eller www.kirkens-sos.no



## Prøv og du kan oppleve:

- Slankere kropp
- Fjerning av avfallsstoffer
- Cellulitter blir borte
- Oppstrammet kropp
- Økt energi

Fungerer også godt for personer med fibromyalgi. Anbefaler kur på 10 behandlinger.

**ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE**  
**Rong senter tlf. 5638 9515**

## OLA HOVDENS LEGAT

Etter statuttane er det ungdom frå tidlegare Hjelme kommune som har høve til å søkja støtte til høgre utdanning.

"Under elles like vilkår skal dei gå føre som tek sikte på høgre utdanning i 4 år eller meir ved høgskule, universitet eller anna utdanningsinstitusjon, med rekna slik som gjev praktisk utdanning" (sitat frå statuttane)

Søknadsskjema kan du få ved å venda deg til Øygarden kommune v/sørviskontoret, eller på kommunen si nettside under "søknadsskjema" ([www.øygarden.kommune.no](http://www.øygarden.kommune.no))

Søknadsfrist er 31 oktober 2010

- styret -

# SparebankenVest

- satser på Vestlandet



*- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!*

Fisk- og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik betjent ostedisk	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat- og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20

Bank i Butikk **EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40



**Catering:**  
 - Snitter  
 - Koldtbord

**Rong Kafe a/s**  
 Tlf.: 56 38 74 54

**B-P-S Solutleige**  
 v/Arvid Rong 5337 Rong  
 Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

**Mobil:** 918 56 258

Vi formidlar blomster til innland og utland



**trend frisør**  
 RONG SENTER  
 Eigne prisar for pensjonistar  
 Langope torsdag  
 TIMEBESTILLING 56 38 73 90



5334 HELLESØY  
 TLF: 56388008/47755570  
 ORG.NR.984589565  
 e-post: hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER :  
 MAND.-TORSD. 900-1800  
 FRED. 900-1900  
 LØRD. 900-1600

VI HAR SØNDAGSÅPENT I SOMMERHALVÅRET.

**TORSVIK**  
 ELEKTRISKE AS

Installasjon industri, bolig  
 Data- og telenett  
 Alarmanlegg  
 Antenne/parabolanlegg  
 Elektroverksted  
 Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00  
 Vakttelefon: 922 34 062  
 www.torsteinsvik.no

**Trendy kids**  
 Butikken for barn 0-16år  
 Vi har og stormote for barn  
 Rong senter - tlf 5638 9122



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- Vaskehall
- Kaffiaftale
- Gass



**BLOM**  
**SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80  
**Godkjent bilverksted**

Bokhandelen som setter kristen litteratur og musikk i fokus



Bok & Media\* Vestbok  
 Vetrlidsallmenningen 1 5014 Bergen  
 Tlf: 55 31 79 63  
 www.vestbok.no

Minibokhandel  
 på  
 kyrkjekontoret

# KYRKJELEGE HANDLINGAR

## DØDE

### Hjelme

Lilly Troland, Hatten f. 1915  
Aslaug Kristina Rossnes, steidn, f. 1926  
Sally Hennø, Hernar f. 1918

### Blomvåg

Ninni Kristine Kvalheim Rong, Tjødnarvegen f. 1930  
Kjell-Ola Haugutun, Tednebakkane f. 1928  
Oddne Furelid, Vik f 2010  
Knut Gerhardsen, Torsvik f. 1966  
Jakob Oen, Oen f. 1921  
Solveig Ingebjørg Mikkelsen, Fagerdalsv. f. 1924 (St.Paul kirke)  
Wenche Jonas, Rossnesvegen f. 1948 (Solheim kapell)  
Sven Rong, Dale f. 1951  
Magnus Thor Alvheim, Fyllingsdalen f. 1934  
Olav Vik, Ågotnes f. 1938 (Landro kyrkje)

## TIL LUKKE



### 70 år:

9. sept Åge Renland, Veslevarden 48  
14. sept Villie Petro Nygård, Knappestigen 19  
22. sept Marit Rossnes, Rossnesvegen 20  
9. okt Kristbjørg Berthilde Brodahl, Ullsvikvegen  
20. okt Berit Tordis Bakken, Bakken  
23. okt Cornelius Flåten, Blom  
28. okt Dagfinn Bakken, Bakken

### 75 år:

7. sept Ole Vik, Vik  
12. okt Marie Solheim Dåvøy, Sandrásvegen  
19. okt Hildebjørg Mathilde Breivik, Breivik  
28. okt Torlaug Myrtel Sulen, Hellesøy

### 80år:

9. sept Hans Andreas Strandheim, Tollbuvegen  
26. sept Marit Fritz Kårbo, Dale  
20. okt Daniel Bugge Dale, Dale  
23. okt Betty Johanna Haugstad, Knarvikvegen

### 85 år:

2. okt Mats Ingolf Mikkelsen, Fagerdalsvegen  
25. okt Borghild Harkestad, Harkestad

### 90 år:

9. sept Rasmus Sæle, Blomøyvegen

### 95 år:

13. sept. Anton Monrad Toft, Tjødnarvegen

## DØYPTE

### Hjelme

Teodor Fjeldstad, Tjeldstø  
Nora Elise Steinstø, Torsvik  
Emilie Tenmann, Oslo  
Aleksander Harholt Fjeldstad, Ådnevika  
Willem Oen Wågenes, Austemarka  
Tristan Husebø Hagen, Rong  
Sophia Emilie Nordeng-Johansen, Straumsdalen (Foldnes kyrkje)  
Victoria Sårheim Toft, Austevågvegen  
Banjamin Dale-Oppedal, Skjoldingsneset  
Liam Stendal, Torsvik (Frogner kyrkje)  
Emilian Fjeldstad, Veslevarden

## VIGDE

### Hjelme kyrkje

Kine Vik og Andreas Kleppe  
Silje Andersen og Rolf-Normann Dale (Hjelme Gamle)  
Lene Rong-Ågotnes og Geir Stian Ågotnes  
Hilde Fjeldvær og Rune Nyheim  
Caroline og Mats Henrik Solheim (Hjelme Gamle)  
Bente Alice og Svein Gustav Davidsen (Hjelme Gamle)

### Blomvåg

Camilla Ramstad og Kjell Mikkel Vik (Kyrkjekontoret)



## GUDSTENESTER

- 05.sept.** **Hjelme kyrkje kl. 11:00**  
Søndagsskulens dag. Gudsteneste for Hjelme og Blomvåg sokn v/ Svenn Martinsen og Nils Arne Lavik. Det vert og utdeling til 5.klassingar i Hjelme sokn. Dåp. Kyrkjekaffi **Blomvåg kyrkje kl. 11:00**  
Familiegudsteneste v/ Egil Hjortland Utdeiling til 5.klassingar. Dåp Kyrkjekaffi
- 12.sept.** **Hjelme kyrkje kl. 11:00**  
Konfirmantpresentasjonsgudsteneste v/ Svenn Martinsen
- 19.sept.** **Hjelme kyrkje kl. 11:00**  
Konfirmantpresentasjonsgudsteneste v/ Svenn Martinsen. Dåp
- 26.sept.** **Blomvåg kyrkje kl. 11:00**  
Konfirmantpresentasjonsgudsteneste v/ Svenn Martinsen. Dåp
- 03.okt.** **Hjelme kyrkje kl. 11:00**  
Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd
- 10.okt.** **Vik bedehus kl. 11:00**  
100års-jubileum for jenteforeininga på Vik
- 17.okt.** **Hjelme kyrkje kl. 11:00**  
Familiegudsteneste v/ Svenn Martinsen. Utdeiling til 4 og 5 åringar. Song av Øygarden barnekantori. Kyrkjekaffi
- 24.okt.** **Blomvåg kyrkje kl. 11:00**  
Familiegudsteneste v/ Svenn Martinsen. Utdeiling til 4 åringar. Dåp. Kyrkjekaffi
- 31.okt.** **Hjelme kyrkje kl. 11:00**  
Forbønsgudsteneste v/ Svenn Martinsen.

Dette må du få med deg!

## KONSERT I BLOMVÅG KYRKJE SØN 19. SEPT. KL.19.00

*Øygardskoret, Olsvik og Askøy kyrkjecor og Sotra Reviderte:*

**Bach: Kantate nr 37”  
Den som tror og blir døpt”  
Purcell: Anthem ”Syng nu høyt for Gud”**

**Sopran: Hilde Veslemøy Hagen  
Alt: Magni Orheim Stoveland  
Tenor: Marius Dale Romslo  
Bass: Dagfinn Bø  
Fiolin: Harald Blø  
Fiolin: Gunvor Holtlien  
Bratsj: Torunn Holtlien  
Cello: Jane Odriozola  
Obo: Hege Sellevåg  
Obo: Jonna Kreeta Jäämsä**

**Dirigent. Anne Lise Grøm  
Orgel: Rune Johnsen Klevberg og  
Gerd Inger Eide Yddal**

**Billett ved inngangen kr. 100,-  
Velkommen!**

**Konserten er støttet av Øygarden kommune,  
Folkeakademiet og Sparebanken Vest**

**BergenOmegn**  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Knut Helge  
Polden

Espen  
Polden

Elin  
Mikkelsen  
Berntsen

Heine  
Polden

Tom  
Wilson

**Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700**  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2. etg på Shellstasjonen  
Sæter, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50

Returadresse:  
ØYNYTT  
Boks 144  
5331 RONG

B posten Øy Nytt  
DISTRIBUERAST AV POSTEN NORGE  
NOREG P.P. PORTO BETALT

# Gjenopning av Blomvåg kyrkje

Heilt sidan kyrkja vart stengd i januar, då det vart oppdagat store roteskader både inne og ute, har det vore jobba intenst. Grunnentreprenør, røyrleggjarar, elektrikarar, malarar og ikkje minst tømrarfaget har vore involvert for å få kyrkja attende i presentabel stand. No er kyrkja ferdig rehabiliterert innvendig og søndag 29. august kunne kyrkjelyden vera med på gjenopning av gudshuset.

Tekst og bilete: Odd N. Thormodsæter

Ei fullsett kyrkje kunne glede seg over god sitjekomfort på nye stolar under gudstenesta som vart leia av sokneprest Svenn Martinsen og prost Erling Kopperud.

Det var opningshelsing ved ordførar Olav Martin Vik som m.a. poengterte det gode samarbeidet mellom kommunen og kyrkja som hadde funne stad under prosessen. Den politiske viljen har vore stor til å finna økonomiske løysingar. Sjeldan har vel eit så pass stort økonomisk løft vore løyst så raskt. Han ønskte også soknet lukke til med å fylla den nyopna kyrkja vidare med eit godt innhald.

I gudstenesta var det også markering av det tradisjonelle jubileet for 50årskonfirmantar. Biletet av desse finn du på side 4 i bladet.

På kyrkjekaffien vart det orientert meir om arbeidet som er utført i denne perioden. Koordinator for rehabiliteringsarbeidet hos TH BHAS-bygg, Jan Inge Blom, meinte at alle utfordringane som ein møtte på i arbeidet hadde vore til stor inspirasjon.

Kyrkjeverja har under prosessen også hatt god assistanse av kommunens eigne fagfolk, representert ved Otto Hellesund og Andreas Kårbo. Elles var fleire av dei øvrige faga også representert: Torsvik elektriske v/ Gjert André Ekren og Senter malerforretning v/Johnny Stewart-Pettersen. Frå kyrkja si side vil vi gjerne få understreka den gode faglege yrkesetikken som er vist hos alle fagfolka under rehabiliteringsarbeidet.

Det som no står att er skifte av utvendig tak. Dette vil byggefirmaet gå i gang med umiddelbart. Sjølv om det i denne perioden vil vera stillas rundt heile huset, vil kyrkja vera open for alle aktivitetar.



Frå inngangsprosesjonen

Øygarden kyrkjelege fellesråd vil takka kommunestyret for den store velvilje dei har synt med å yta eit rentefritt lån på til saman 4 millionar for rehabiliteringa av Blomvåg kyrkje.



Prost Erling Kopperud heldt preika



Frå kyrkjekaffien etter gudstenesta.